

# **Forvaltningsplan for naturreservata Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta**

**Sola kommune, Rogaland**



**Miljørapporrt nr. 3 - 2013**

**September 2013**



**Fylkesmannen  
i Rogaland**



**CONVENTION ON WETLANDS**  
(Ramsar, Iran, 1971)

**FYLKESMANNEN I ROGALAND**  
**MILJØVERNAVDELINGA**  
**MILJØRAPPORT**

**Postadresse:**  
Postboks 59  
4001 STAVANGER  
Tlf. 51 56 87 00  
E-post: [postmottak@fmro.no](mailto:postmottak@fmro.no)

**Kontoradresse:**  
Statens Hus  
Lagårdsveien 44  
4010 STAVANGER

<b>Tittel:</b> Forvaltningsplan for naturreservata Hagavågen, Strandnesbukta og Grannesbukta, Sola kommune, Rogaland	<b>Rapportnr.:</b> 3- 2013 (Internettversjon – pdf-format)
<b>Forfattar:</b> Torborg Berge	<b>Dato:</b> 24.09.2013
<b>Prosjektansvarleg:</b> Per Kristian Austbø	<b>Faggruppe:</b> Områdevern
<b>Geografisk område:</b> Rogaland	<b>Antall sider:</b> 95
<b>Emneord:</b> Hagavågen, Strandnesvågen, Grannesbukta, Hafrsfjord, naturreservat, vern, skjøtsel, bevaringsmål, forvaltningsplan, Ramsar, våtmark, kyst, marin,	<b>ISSN-nummer:</b> 0802-8427

**Samandrag:**

Naturreservata i Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta vart alle oppretta i 1996 som ein del av våtmarksvernet i Rogaland. Reservata er tre av dei viktigaste våtmarksområda på Jæren, og har internasjonal status som Ramsar-område. Dei fungerer som eit viktige raste- og overvintringsområde for fugl. Dei tre reservata har også ein variert flora som er typisk for dei marine våtmarksområda på Jæren.

Fram til februar 2013 var det på [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no) registrert totalt 185 fugleartar i dei tre verneområda. Reservatet er spesielt viktig for vass- og vadefuglar på trekk og overvintring. 39 av dei registrerte fugleartane er raudlista, og 15 av desse er lista som trua (kategori kritisk, trua, sterkt trua, sårbar).

For å sikra våtmarksområda og naturverdiane der, finst det reglar som styrer kva som er lov og ikkje inne i naturreservata. Forvaltningsplanen skal klarleggja korleis vernereglane skal tolkast, og seia kva som er lov og ikkje. Vidare skal planen avdekka truslar mot verneområda, og skissera løysingar for å ta vare på verdiane i områda.

Formålet med vernet er å ta vare på marine våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Alle dei tre reservata er små, spesielt Strandnesvågen og Hagabukta, med sine omlag 131 og 145 daa. Hagavågen er litt større med eit areal på 360 daa. Reservatgrensene går i, eller svært nær strandkanten, og framtida til reservata avheng difor i stor grad av korleis områda utanfor reservata, både i sjø og på land, vert forvalta, i tillegg til skjøtsel i reservatet.

Bakgrunnskunnen om naturverdiane i Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta, er ujamn og mangelfull, og planen viser behovet for at det bør settast i gang undersøkingar av plante- og dyreliv. Deretter må forvaltningsplanen gjennomgåast på nytt for å konkretisera eller korrigera bevaringsmåla. Forvaltningsplanen kjem med konkrete tilrådingar til forsiktig skjøtsel i verneområda. Noko av det viktigaste å redusera landbruksavrenning og forureining ut i områda, slik at vasskvaliteten og sedimenta kan vera reine og sunne leveområde for planter, dyr og fuglar. Det er også svært viktig å skjerma verneområda frå menneskeleg forstyrring, og tilrettelegging for friluftsliv og liknande, må leggast i god avstand frå vernegrensene. I tillegg bør ein fjerna ein del gamle fyllingar og skrot, samt innføra beite for å ta vare på beitebetinga kulturmarksartar ei par stader.

Eit overordna forvaltningsmål for naturreservata Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta er å ta vare på, eller auka det naturlege artsmangfaldet i reservata, samt ta vare på typeområde innanfor Jæren våtmarkssystem.

## INNHOLD

<b>FORORD.....</b>	<b>5</b>
<b>1 OM FORVALTNINGSPLANEN.....</b>	<b>10</b>
1.1 Overordna mål for verneområde i Noreg .....	10
1.2 Vernevedtak og -formål.....	10
1.3 Forvaltningsplanen – formål og prosess.....	10
<b>2 SKILDRING OG STATUS FOR VERNEOMRÅDA.....</b>	<b>12</b>
2.1 Områdeomtale .....	12
2.1.1 Lokalisering og omliggjande areal .....	12
2.1.2 Landskap, geologi og klima .....	13
2.1.3 Hydrologi og vasskvalitet.....	15
2.1.4 Påverknad og inngrep .....	18
2.1.5 Naturtype, vegetasjon og flora.....	20
2.1.6 Fauna .....	29
2.1.7 Framande artar.....	32
2.1.8 Kulturminne.....	34
2.2 Planstatus.....	35
2.3 Tursti rundt Hafsrsfjord .....	35
2.4 Vassdirektivet.....	35
2.5 Jæren våtmarkssystem og Ramsar-status .....	35
2.6 Påverknad frå omliggjande areal .....	38
<b>3 MÅL FOR VERN OG FORVALTNING I NATURRESERVATA HAGAVÅGEN, STRANDNESVÅGEN OG GRANNESBUKTA .....</b>	<b>40</b>
3.1 Naturmangfaldloven og forvaltning av reservata .....	40
3.2 Forvaltinga sine utfordringar .....	41
3.3 Bevaringsmål for naturreservata i Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta .....	42
3.4 Overvaking .....	44
3.5 Oppsyn .....	44
3.6 Forslag til tiltak med tilskotsordningar.....	45
<b>4 PRAKTISERING AV VERNEFORSKRIFTENE .....</b>	<b>46</b>
4.1 Sakshandsaming - Verneforskriftene og naturmangfaldloven .....	46
4.2 Verneformål.....	47
4.3 Landbruk .....	48
4.3.1 Beiting .....	48
4.3.2 Hesteriding .....	48
4.3.3 Gjødsling og tilsvarende tiltak .....	49
4.3.4 Grøfting, drenering, og vedlikehald av grøfter, kanalar, brønn, og liknande .....	49
4.4 Bygningar, anlegg og faste innretningar, osv .....	50
4.5 Inngrep og forsøpling .....	50
4.6 Jakt .....	51
4.7 Friluftsliv og undervisning i reservata.....	51
4.8 Formidling av verneverdiane.....	52
4.9 Avløp .....	52
4.10 Motorferdsel .....	53
<b>5 SKJØTSEL OG VEDLIKEHALD .....</b>	<b>54</b>
<b>6 REFERANSAR .....</b>	<b>56</b>
Vedlegg 1 – Bevaringsmål for Hagavågen, Grannesbukta og Strandnesvågen .....	58
Vedlegg 2 – Verneforskrift Hagavågen.....	60
Vedlegg 3 – Verneforskrift Strandnesvågen .....	62
Vedlegg 4 – Verneforskrift Grannesbukta .....	64
Vedlegg 5 – Artsliste over karplanter i våtmarksreservata i Hafsrsfjord .....	66

Vedlegg 6 – Artsliste over fuglar i våtmarksreservata i Hafrsfjord .....	71
Vedlegg 7 – Oversikt over kulturminne i og nær Hagavågen og Grannesbukta.....	76
34962 - Haga .....	76
14845 - Haga .....	77
54289 - Nordøyna.....	78
72371 – Løeberget.....	79
Oversikt over kulturminner ved Grannesbukta naturreservat.....	80
Oversikt over kulturminner ved Hagavågen naturreservat.....	80
Vedlegg 8 – Faktaark om Ramsarområdet .....	81
Vedlegg 9 – Oversikt over aktuelle tiltak fordelt på tema.....	88
Vedlegg 10 – Vernekart Hagavågen naturreservat.....	90
Vedlegg 11 – Vernekart Strandnesvågen naturreservat .....	91
Vedlegg 12 – Vernekart Grannesbukta naturreservat .....	92

## FORORD

Naturreservata i Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta vart oppretta i 1996 som ein del av våtmarksvernet i Rogaland. Desse marine områda er nokre av dei viktigaste våtmarksområda på Jæren, og har internasjonal status som Ramsar-område. Dei ligg alle i Hafrsfjord, og er alle marine gruntvassområde med store mudderflater som vert blottlagde ved fjøre sjø, og med fine førekommstar av fjøremark og dvergålegras og små havgras. Dette er igjen viktige område for overvintrande grasender og vadefugl på trekk. Litt lenger ute, på djupare vatn, er det gode tilhøve for dykkerar, dykkender og lommar og alkefugl, og landarealet og fungerer som eit viktig trekk-, raste- og hekkeområde spesielt for sporvefuglar. Fuglane nyttar heile Hafrsfjorden, og flyttar seg mykje mellom dei tre verneområda. Naturreservata i Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta har lite landareal, men likevel ein rik og til dels trua vegetasjon. Verneområda på Jæren får ein stadig viktigare rolle som leveområde for dyr og planter i ein region kor dyrka mark dominerer og restareala er i rask tilbakegang.

Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta har vore utsette for endringar dei siste hundre åra, med masseyllingar og forureinande utslepp som dei største inngrepa. Naturreservata får tilsig av næringsstoff frå landarealet rundt seg.


For å sikra dei marine verneområda og naturverdiane der, finst det i verneforskriftene reglar som regulerer bruken av områda. Denne forvaltningsplanen skal klarleggja korleis vernereglane er å forstå. Vidare skal planen avdekka truslar mot verneområda, og skissera løysingar for å ta vare på verdiane. Planen er bygd opp etter punkta under:

- skildring av planprosessen
- skildring av området og verdiane
- skildring av verneregler og praktisering av desse
- mål for forvaltninga og forslag til tiltak

På grunn av at naturreservata i Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta alle ligg i Hafrsfjord og har felles vassmassar, same type økosystem, natur- og habitattypar, tilsvarande utfordringar, og felles funksjonsområde for fuglane, har me valt å handsama dei i den same forvaltningsplanen.

Dei tre reservata er små, og grensa for reservata går ikkje langt frå strandkanten. Framtida til områda avheng difor i stor grad av korleis områda utanfor reservata vert forvalta, i tillegg til skjøtsel i reservata. For å sikra Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta må forvaltningsstyresmakta ha god dialog med kommunen og grunneigarane av reservata og områda rundt. Landbruket har også fleire frivillige tilskotsordningar som kan hjelpe til med å ta vare på verneverdiane i Hafrsfjord. Det er viktig med god rådgjeving og informasjon om desse.

Planen er utarbeidd av Torborg Berge ved Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga, på oppdrag frå Miljødirektoratet.



**Figur 0.1.** Kart over den indre delen av Hafsfjord med naturreservata Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta. Kartet viser også edellauvskogsreservatet Haga, som grensar til Hagavågen. Kartutsnittet nedst til venstre viser kor i Rogaland me er.



Figur 0.2. Hagavågen naturreservat med innteikna vernegrense og eigedomsgrenser.





Figur 0.4. Grannesbukta naturreservat med innteikna vernegrense og eideomsgrenser.

# 1 OM FORVALTNINGSPLANEN

## 1.1 Overordna mål for verneområde i Noreg

Målsetjingane for vern av norsk natur har ei brei tilnærming:

1. Å sikra eit utval av område som samla gir eit representativt utval av variasjonen i norsk natur.
2. Bevaring av økologiske nøkkelområde med viktig funksjon for sjeldan naturrikdom: naturtypar, artar og genetiske variasjonar.
3. Referanseområde for å samanlikna med tilsvarende naturtypar under ulik menneskeleg påverknad.
4. Økologiske ”laboratoria” for undervisning og forsking.
5. Bevaring av område med natur- og kulturpreg for å kunna gi menneske verdfulle naturopplevingar.
6. Sikra det historiske landskapspreget og kulturelementa i dei kulturprega naturtypane, avgjerande for identitetskjensle, forvaltingskunnskap og perspektiv både bakover og fram i tid.

## 1.2 Vernevedtak og -formål

Hagavågen naturreservat, Strandnesvågen naturreservat og Grannesbukta naturreservat vart alle freda ved kongeleg resolusjon den 20. desember 1996 etter lov om naturvern. Denne loven er no erstatta av naturmangfaldloven av 19. juni 2009. Vernevedtak etter gammal lov er dermed sikra gjennom § 77 i naturmangfaldloven. Reservata dekkjer eit areal på hhv. 360,5, 131 og 63 daa, totalt 554,5 daa. Naturreservat er den strengaste verneforma etter naturmangfaldloven.

### Formålet med vernet:

Å ta vare på våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv (jf. verneforskriftene kap. III).

Dei tre områda er viktige trekk- og overvintringslokaltetar for ulike våtmarksfuglar.

Naturreservata i Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta er alle delar av Jæren våtmarkssystem med internasjonal status som Ramsar-område, jf. kap. 2.5.

## 1.3 Forvaltningsplanen – formål og prosess

Forvaltningsplanen skal vera eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalda og fremja verneformålet. Samstundes gir planen viktig informasjon til grunneigarar, kommune, organisasjonar og generelt interesserte i samfunnet elles. Planen er tufta på vernereglane og skal vera i samsvar med bevaringsmålet for området. Han skal sikra langsiktig, differensiert og målretta forvaltning av heile verneområdet og gi føringar for bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging.

Forvaltningsplanen skal ikkje skjerpa eller svekka vernereglane, men klargjera rammene for desse og den vidare bruken og forvaltninga av området. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande som verneforskrifta, og kan reviderast ved behov.

Planen skal:

- dokumentera natur- og kulturverdiar (jf. kap. 2)
- avdekka brukarinteresser og tilhøvet til verneforskrifta (Korleis skal verneforskrifta praktiserast? Jf. kap. 4)
- gi retningslinjer for sakshandsaming (jf. kap. 4)
- laga mål for bevaringsmål med oppfølgjande tiltak (jf. kap. 3 og vedlegg 1 og 9)
- gjera greie for praktiske forvaltningstiltak for å fremja verneformålet (jf. vedlegg 9)

Det er eit mål at forvaltninga skal vera mest mogleg fleksibel og utan unødige konfliktar med tradisjonelle brukarinteresser.

#### **Planprosess:**

Etter fagleg godkjenning i Miljødirektoratet vil forvaltningsplanen bli sendt på høyring til grunneigarar, kommune og andre offentlege instansar, lokale lag og organisasjonar. Høyringa vil så verta oppsummert, med eventuelt påfølgande revisjon av planen, før denne vert sendt til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning. Godkjenning av forvaltningsplanen er eit enkeltvedtak som kan påklagast.

#### **Klage:**

Når forvaltningsplanen er godkjent, skal han sendast ut til grunneigar og andre partar som har vore med i prosessen. Dersom nokon har rettar eller plikter som vert påverka av planen, kan han/dei klaga på planen, eller godkjenninga av denne. Ei eventuell klage skal sendast til Miljødirektoratet som vidaresender klaga til Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd.



*Figur 1.1: Foto av Hagavågen 24. august 2012. Foto: © T. Berge*

## 2 SKILDRING OG STATUS FOR VERNEOMRÅDA

### 2.1 Områdeomtale

#### 2.1.1 Lokalisering og omliggjande areal

Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta ligg alle langs Hafrsfjord i Sola kommune (figur 0.1). Hagabukta ligg lengst ute, der kor Hafrsfjorden er på det smalaste, berre om lag 2 km frå Hafrsfjord bru og om lag 4 km frå havet. Strandnesvågen ligg lengst sør, ved Hogstad og Tjora, og Grannesbukta ligg lengst aust, på Grannes, og berre eit par hundre meter frå kommunegrensa til Stavanger. Alle reservata er på land omslutta av jordbruksområde og dyrka mark, men det er ikkje stor avstand til tettbygd busetnad. Snøda og Tananger ligg om lag ein kilometer vest frå Hagavågen, medan Madla og Madlamark og Rennelia berre ligg eit par hundre meter nordaust for Grannesbukta. I vest, nord og aust grensar jordbruksområde til reservatet.



**Figur 2.1:** Flyfoto tatt frå Soma mot nordvest. Bakerst i biletet ser me Hafrsfjord, som er omslutta av jordbruksland og tettbygde stader. Heilt i venstre kant kan me skimta flystripa på Sola flyplass. Ho går heilt ut mot Hafrsfjord i Sømmevågen.

## 2.1.2 Landskap, geologi og klima

### Landskap


Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta ligg alle i fjøresona inne i Hafrsfjord. Dei ligg kystnært til, lengst nord på Låg-Jæren (Puschmann 2005). Landskapet vert definert som lågland med eit flatt, eller svakt bølgjande morenebakkerreng.

### Geologi

Berggrunnen i Hafrsfjord er i hovudsak danna av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt (oransje). Heile Strandnesvågen, nesten heile Hagavågen, og over halve Grannesbukta har denne bergtypen. Dei vestlege delane, (vest for marmorbeltet), er det i hovudsak glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt einskilde kropper av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt, medan han i aust har ei utforming av granodioritt, granitt og tonalitt, stadvis foliert, gneis, kataklastisk deformerte gneisar.

I nordaust går feltet over til å verta fyllitt og kvartsrik fyllitt med spreidde lag av meta-arkose og kvartsitt, stadvis karbonførande fyllitt (lysegrøn), slik at den nordaustlege halvdelen av Grannesbukta har denne bergtypen.

Midt gjennom Hafrsfjorden, på langs over øyane, går det også eit tynt belte med kalkspatmarmor og kalksilikatgneis (blått), slik at den ytre, austlege delen av Hagabukta vert dekt av det (jf. fig. 2.2).




**Figur 2.2:** Kart over berggrunn i og rundt naturreservata i Hafrsfjord. Kartet viser at det meste av området er dekt av gneis (oransje), medan den austlege delen er har fyllitt og glimmerskifer som berggrunn (lysegrønt). Midt gjennom fjorden går det også eit belte med marmor (blått). Kjelde: NGU Løsmasser

Granittisk gneis og glimmerskifer er av harde bergartar som gir ein næringsfattig grunn. Feltet med marmor er derimot næringsrikt og betrar næringsinnhaldet i jordsmonnet lokalt. Dette gir igjen grunnlag for ein rik vegetasjon (Lye 1978).



**Figur 2.3:** Nokre stader kjem det nakne fjellet opp i dagen. Biletet viser ein bergknatt på neset mellom Hagavågen og Øyarvågen. Han ligg i feltet med gneis, og dei høge, utståande rillene er danna av gneis. Samstundes ligg han nær beltet med marmor, så han har også innslag av dette. Ettersom marmoren er ein mjukare bergart, er felta med marmor meir slitt, og kan difor opplevest som djupare renner/furer i berget. Desse marmorturene er svært viktige for floraen, og har ofte kalkkrevjande mose og lav veksande i seg. Foto: © T. Berge



**Figur 2.4:** Kart over lausmassar i og rundt naturreservata i Hafsfjord. Kartet viser at heile Strandnesvågen naturreservat og det meste av Hagavågen naturreservat er dekt av marin strandavsetjing (blått). Ein liten flik av landarealet i Hagavågen naturreservat, og nesten heile Grannesbukta er dekt av tjukkare morene (mørkare grøn). Ein liten bit av Grannesvågen er også dekt av tynnare morene (lysegrøn). I Hagavågen er det også ein del bart fjell med stadvis tynt dekke (rosa) på sjøbotnen, heilt nordaust i reservatet; langs neset på Haga. Utanfor reservata grensar dei marine avsetjingane til tjukkare morene, tynnare morene, eller bart fjell. Kjelde: NGU Løsmasser

### Klima

Det er eit mildt klima i området, med ein årleg snittemperatur på 7,35 °C målt på Sola målestasjon (Meteorologisk institutt). Januar og februar er dei kaldaste månadane i året med 0,8 og 0,6 °C. Årleg nedbør er normalt 1180 mm, og det regnar mest i perioden august til desember.

### 2.1.3 Hydrologi og vasskvalitet

Tidlegare mottok Hafsfjord avløp frå om lag 18 000 personar (personekvivalentar), men det meste av dette er no overført til Stavanger og Nord-Jæren renseanlegg, eller sanert. Områda rundt fjorden har mykje jordbruksareal, og fjorden vert påverka av avrenning frå dette. Hafsfjord er ein terskelfjord med grunt og trøngt innløp, og to basseng; det eine 36 meter djupt og det andre 60 meter djupt. Vatnet ved botnen under om lag 30 meter har i periodar vore oksygenfritt, og det er lite, eller ingen botndyr på større djup (Tvedten et al. 2003, Nilsen et al. 2012).


IRIS undersøkte seinast i 2001/2012 tilstanden til Hafsfjorden (Nilsen et al. 2012). Dei målte då den økologiske og kjemiske tilstanden ved fire ulike stasjoner (jf. fig. 2.6). Målestasjon SA-4/HAF-3 ligg like sør for Hagabukta naturreservat (fig. 2.6). Han er den av målestasjonane som ligg på grunnast vatn, og er kanskje difor den målestasjonen som best representerer den økologiske og kjemiske tilstanden i verneområda.

På grunt vatn er tilstanden for makroalger vurdert som god, noko som kan tyda på at situasjonen er bra i dei øvste vassmassane. Likevel er siktedjupet gjennomgåande därleg, og fjorden er rik på næringssalt både sommar og vinter. Tilstanden for plantoplankton er difor därleg. I det djupaste bassenget er det periodevis oksygenfritt, og har difor ein svært därleg tilstand for botnfaunaen, medan vatnet i fjorden ved dei andre målestasjonane har därleg tilstand. I tillegg til å vera oksygenfattig, vart det også ved dei djupare målestasjonane påvist hydrogenulfid ( $H_2S$ ) (220/HAF-1, H-14 og SA-6/HAF-2) og giftstoff (pentaklorfenol (220/HAF-1), PAH (H-14 og SA-6/HAF-2). Ei samla, streng vurdering av den økologiske tilstanden i Hafrsfjord er **svært därleg** (Nilsen et al. 2012).


Sjølv om IRIS har vurdert situasjonen i dei øvre vassmassane som god for makroalgar, har Fylkesmannen ved synfaringar funne område med mykje purpursvovelbakteriar i alle dei tre verneområda. Dette tyder på at kan vera mykje  $H_2S$  i vassmassane og sedimenta også her, ettersom desse bakteriane lever strengt aerobt (utan tilgang på oksygen), og ved hjelp av fotosyntese oksiderer  $H_2S$  til svovel.

Ecofact, har ved undersøkingar av Sømmevågen, heilt sør i Hafrsfjord, funne svovelbakteriar også der (O.K. Larsen pers. med.). Med bakgrunn i dette, kan ein på generell basis seia at sedimenta i heile Hafrsfjord er reduserte, men det vil variera kor sterkt reduserte dei er. På dei store strandflatene på Solasida av fjorden, er sedimenta sterkt reduserte. Det vil seia at det berre nokre få centimeter under overflata er deoksygenerete tilhøve med (med  $H_2S$ -gass). Dette er fordi desse områda svært beskytta og har ei viss organisk nedbryting. Desse deoksygenerete tilhøva vert motverka der kor det veks ålegras og/eller havgras. Der vert sedimenta oksygenert djupare fordi ålegraset og/eller havgraset fører oksygen ned i sedimenta via rotnettet gjennom diffusjon (miljøingeniørar). Dette fører til større tredimensjonale leveområde for annan fauna og er dermed med på å auka både biomassen og diversiteten.

$H_2S$  -tilhøva i sedimenta er ein naturleg tilstand i Hafrsfjord, medan dei synlege bakterielaga ofte er eit resultat av avrenning. Dei opptrer som regel i samband med punktutslepp – gjerne der kor det kjem ut ei grøft som drenerer dyrka mark.



Figur 2.5: Purpursvovelbakteriar rundt eit av punktutsleppa i Hagavågen. Foto: © T. Berge



**Figur 2.6:** Kartet viser djupna i Hafrsfjord. Dess mørkare blått, dess djupare vatn. Hafrsfjord er ein terskelfjord, med eit trøngt og grunt inn/utlaup som berre er 4,5 meter djupt. Inne i fjorden er det to basseng – det djupaste (ved 220/HAF-1) er på 60 meter, medan det grunnaste (ved SA-6 / HAF-2) er på 36 meter. Dei lilla punkta viser kor IRIS har hatt målestasjonane sine. Alle dei tre marine reservata i fjorden ligg heilt, eller delvis på svært grunt vatn.

## 2.1.4 Påverknad og inngrep

Det tre marine verneområda i Hafrsfjord er prega av ulike menneskelege inngrep, som vegfyllingar og punktutslepp. Fleire av punktutsleppa viser godt på flyfoto.

### **Hagavågen naturreservat**

I Hagavågen er det spesielt to vegfyllingar som har hatt stor innverknad på den naturlege tilstanden. Den eine går aust til vest, tvers gjennom reservatet, heilt i nord. Han skil strandsumpen frå mudderfjøra, og kan føra til at sumpen får mindre tilførsel av sjøvatn enn han elles ville fått. Vadefuglar som leitar mat i mudderfjøra, ville normal vandra inn i sumpen for skjul ved flo sjø. Dette vert dei no avskore frå å gjera.

Den andre går mellom Hagavågen og Øyarvågen, og går over frå fastlandet til Hagaøyne, og fører til at gjennomstøyminga mellom dei to vågane vert sterkt redusert. Dette påverkar igjen plante- og dyrelivet i området, og fører til stior oppbløming av tarmgrønske.

I tillegg er det fleire fyllingar med åkerstein, i nokre tilfelle med organisk avfall og/eller søppel/skrot, diverse stader i strandsona i reservatet. Ein større fylling ligg mellom mudderfjøra og vegen på austsida av sjølve Hagavågen. I tillegg ligg det ein større fylling nordaust for Hagavågen. Det ligg vidare nokre kanoar i Hagavågen – ein på land, og ein i mudderfjøra.

Det står eit også eit naust på vestsida av Hagavågen.

Fleire stader i reservatet, spesielt i Hagavågen, er det fleire punktutslepp. Ingen av desse skal vera kommunale.

Den sørlege delen av reservatet, dvs. området på Hagaøyne og på sør- og vestsida av Hagavågen ber preg av at det har vore og vert beita av storfe. Med beitetrykket som er i dag, har dette ein positiv innverknad på fleire planteartar. Det fører til at strandsona ikkje gror igjen, og dermed får me frakta nitrogen ut av sona.



**Figur 2.7:** Steinfyllinga med traktorveg som går gjennom den Hagavågen naturreservat heilt i nord. Biletet er frå mai 2002. Foto: © Audun Steinnes

På Snøde, rett vest for Øyarvågen ligg det eit ridesenter. Under synfaringar er det funne spor etter hestetråkk i fjøra og over til Hagaøyno. Om dette kjem frå beitande hestar, eller frå hestar med rytterar på ryggen, er uvisst. Hestetråkk i seg sjølv er uheldig for verneverdiane i reservatet, og spesielt i dette området, som har fine bestandar av dvergålegras. Dvergålegraset er sårbart overfor mekanisk slitasje, som til dømes tråkk (Direktoratet for naturforvaltning 2010).

### **Grannesbukta naturreservat**

Nordaust for reservatet, rett utanfor vernegrensa i Grannesbukta har IVAR ein pumpestasjon. Når denne har driftsstans, vert all kloakk og overflatevatn sleppt ut i Hafsfjord – ikkje langt utanfor vernegrensa til reservatet. I Grannesbukta leier også eit større betongrør til Vegvesenet ut i reservatet. Sola kommune arbeider med å sanera all kloakk som går ut i Hafsfjord. Dei er godt på veg og har ein plan for å kopla alle på det offentlege kloakknettet.



**Figur 2.8:** Eit av punktutsleppa i Grannesbukta. Biletet viser at alt er daudt rundt der kor røyra kjem ut. August 2012. Foto: © Torborg Berge

Langs delar av vernegrensa er det deponert dyrkingsstein og ein gammal steingard.

Elles kunne ein på synfaring finna ein del ilanddrive søppel i fjøra.

### **Strandnesvågen naturreservat**

Også her er det fleire punktutslepp, og spesielt utsleppet frå bekken i den sørlegaste bukta viser godt på flyfoto, jf. Temakart Rogaland og oversiktskart fig. 0.3.

I tillegg er det deponert ein del gamle zinkrøyr/elektrikarrøyr på ein mindre pir på vestsida av reservatet. Og i ei fuktig gjødsla beitemarkstrandeng på sørvestsida av reservatet er det ein steintipp med åkerstein og anna.

## 2.1.5 Naturtype, vegetasjon og flora

Både Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta er viktige marine gruntvassområde med store mudderflater som vert blottlagde ved fjøre sjø (Johnsen 2012). Mudderflatene i Hagavågen og Strandnesvågen har nokre av dei beste ålegrasene i landet.

Landarealet er i hovudsak sett saman av strandengvegetasjon med salttolerante gras og urter som vert utvikla på slake lausmassestrender, og som vert regelmessig oversumde av sjøvatn. Ikkje hevda strandenger er ofte dominert av høgvaksne grasartar og urter, medan lågvaksne opne utformingar opptrer der det er beite.

For nærmere skildring av dei ulike natur- og vegetasjonstypane i dei ulike naturreservata, sjå tabell 2.1. For oversikt over raudlista artar i reservata, sjå tabell 2.2. og figur 2.11 – 2.13.

**Naturtype** er ei avgrensa eining i naturen og omfattar både planteliv, dyreliv og miljøfaktorar.

**Vegetasjonstype** er eit einsarta plantesamfunn, til dømes skog, myr eller sump.

**Flora** er alle planteartar som finst i eit gitt område.



**Figur 2.9:** Ustabilt drift- og sandstrandvegetasjon, her representert med eittårig melde-tangvoll i Grannesbukta. Me kan skimta artar som tungras, meldestokk, og tangmelde. Dette er også habitatet til den sterkt trua flikmelden. August 2012. Foto: © Torborg Berge


**Tabell 2.1:** Oversikt over dei ulike naturtypane med underliggende vegetasjonstypar i Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta. Naturtypane er overordna, markerte med grå ruter og uthetva skrift, medan dei tilhøyrande vegetasjonstypene ligg under kvar naturtype, der kor det er aktuelt å dela naturtypen opp i vegetasjonstypar. Koden refererer til naturtype- og vegetasjonstypekode i DN handbok 13 (2007).

Kode	Naturtype / Vegetasjonstype	Utforming	Hagavågen	Strandnesvågen	Grannesbukta	
G	<b>Kulturprega engvegetasjon</b>					
		Ryllik, loderublom, hårsvæve, smalkjempe, bitterbergknapp, stemorsblom, m.m.	Fragment av middels baserik eng på grunnlendt berg i beitemark nord av Hagaøyne. UTM: 030572-653736	Fragment av frisk fattig, gjødsla beite og kornåker grensar inn mot reservatet.		
U	<b>Undervass-, strandeng- og strandsumpvegetasjon</b>		Er representert med utformingar av småhavgras og dvergålegrasenger. Dvergålegrasengene i Hafrsfjord er mellom dei best utvikla i landet. Arten er sterkt trua.			
U-1	Ålegras/ alge undervasseng		Er representert med utformingar av småhavgras og dvergålegrasenger. Arten er sterkt trua av algematter som følgje av næringsavrenning, og beitande knoppsvane. Det blei registrert store mengde ilanddrive planter langs nordvestsida av Hagaøyne, og eit par veker tidlegare blei ein flokk beitande knoppsvane registrert i same område. I følgje Lundberg (forvaltingsplan dvergålegras) er svanebeiting ein trussel mot arten.	Er representert med utformingar av småhavgras og dvergålegrasenger. Arten er trua av algematter som følgje av næringsavrenning og truleg av beitande knoppsvane. Det blei registrert ein heil del lausrivne/flytande planter langs vest- og sørvestsida av bukta. Ålegras og smalt ålegras blei og registrert og er truleg representert med eiga utforming lenger aust i reservatet.	Området i sjøen blei ikkje nærmere undersøkt, men ilanddrive ålegras, sagtang, pollpryd, japansk drivtang, krusifik m.m. tyder på at vegetasjonstypen finst i nærområdet. I område med ureining/næringsstilsig til den vegetasjonslause strandsona vert det utvikla trådalgesamfunn, somunder nedbryting vert dekte av purpursvoelbakteriar.	
U-3	Salin og brakk forstrand	Strandstjerne, strandkryp, strandkjempe, saltbendel og fjøresaulauk	Bukta er dominert av mudderbotn og samfunnet er fragmentarisk utvikla i overgangen mot strandenga. Utforming med artar som strandstjerne, strandkryp, strandkjempe, saltbendel og fjøresaulauk langs det meste av bukta.	Bukta er dominert av mudderbotn og samfunnet er fragmentarisk utvikla i overgangen mot strandenga. Tidegare er ei eiga fjøresalturt utforming registrert på sørssida av reservatet, men denne blei ikkje gjenfunnen. Elles førekjem ei dårleg utvikla utforming med artar som strandstjerne, strandkryp, strandkjempe, saltbendel og fjøresaulauk langs det meste av bukta.	Bukta er dominert av mudderbotn, stadvis med sand og grus/steinstrand.. Samfunnet er fragmentasrisk utvikla i nedkant av strandenga med artar som: strandstjerne, strandkryp, strandkjempe, saltbendel og fjøresaulauk, m.fl.	
U-3a	Salin og brakk forstrand	Salturt	Ei sjeldnare utforming med salturt førekjem eit par stader på vestsida. (UTM:0300531-653765 og 030583-653727)			


Kode	Naturtype / Vegetasjonstype	Utforming	Hagavågen	Strandnesvågen	Grannesbukta
U-4	Nedre salteng	I tilegg til tidlegare nemnde artar fjøresaltgras	Denne typen er en overgang mot U-3 og er fragmentarisk utvikla i området, her kjem i tilegg til tidligare nemnde artar fjøresaltgras.	Denne typen er en overgang mot U-3 og er svært fragmentarisk utvikla i området, her kjem i tilegg til tidligare nemnte arter fjøresaltgras.	Denne typen er en overgang mot U-3 og er fragmentarisk utvikla i området, her kjem i tilegg til tidligare nemnte arter fjøresaltgras.
U-5	Øvre salteng	Krypkvein, raudsvingel, saltsiv og innslag av urter som strandkryp og strandstjerne m.fl.	Relativt smalt belte med varierande utformingar og samanhengande feltsjikt av artar som krypkvein, raudsvingel, saltsiv og strandkryp.	Smalt belte med varierende utformingar og samanhengande feltsjikt av artar som krypkvein, raudsvingel, saltsiv og strandkryp.	Samanhengande feltsjikt av arter som krypkvein, raudsvingel, saltsiv og innslag av urter som strandkryp og strandstjerne m.fl. fragmentarisk utvikla.
U-7	Brakkvasseng	Fjøresivaks, raudsvingel, krypkvein med innslag av froskesiv, myrsaulauk og slåttestorr.	Fragmentarisk utvikla, ein utforming med rustsivaks i eit mindre område med fuktig i strandsona på vestsida av bukta.		Fragmentarisk utvikla, eit mindre område med stagnerande vatn i tilgrodde strandeng, dominert av fjøresivaks, raudsvingel, krypkvein med innslag av froskesiv, myrsaulauk og slåttestorr.
U-8	Brakkvassump	Takrøy og strandrøy, mjødurt, sverdlilje og vendelrot, myrhatt og gulldusk.		Heilt vest i bukta ligg eit mindre sumpområde dominert av havsivaks, som igjen grensar opp mot ein flaskestorr-mjødurtsump. I sørvest finst ei eiga utforming med pollsisvaks, men denne er i tilbakegang, og berre fragmentarisk utvikla.	Takrøy og strandrøy i bekkeutlaup/brakkvatn vert dominert av næraast reine bestandar av einskilde arter og vert rekna som ei utforming av strandsump. Osen av Grannesbekken vert dominert av takrøy med innslag av mjødurt, sverdlilje og vendelrot, denne sumpen går i soraust over i ein strandrøyrsmp kor mellom anna myrhatt og gulldusk blei observert. Delar av vegetasjonen her kan og førast til U-9 mjødurtutforming av sumpstrand.
U-9	Sumpstrand	Mjødurt	Heilt nord i bukta, på nordsida av traktorveg ligg eit større (ca. 10 daa) sumpområde som grensar til ein kanal. Store delar av dette arealet er dominert av mjødurt og kan karakteriserast som mjødurtutforming av sumpstrand, typen ligg nær brakkvassump.		

Kode	Naturtype / Vegetasjonstype	Utforming	Hagavågen	Strandnesvågen	Grannesbukta
V	<b>Ustabil drift og sandstrandvegetasjon</b>		Tangvoller opptrer ofte i ytterkanten av strandenga, og gjer grunnlag for eit spesielt samfunn av næringeskrevjande og salttålannde artar.		
V-1	Eittårig melde-tangvoll	Kveke, vrangdå, klengjemaure, gåsemure, klistersvineblom, tungras, hønsegras, vassarve, tangmelde, flikmelde, meldestokk, haredylle m.fl		Eittårig melde tangvoll fragmentarisk utvikla og dominert av tangmelde, gåsemure og kvassdå, førekjem på ei mindre holme/skjær (UTM:0305201-6534433-) nær land, sør i bukta.	Smal sone med artar som: kveke, vrangdå, klengjemaure, gåsemure, klistersvineblom, tungras, hønsegras, vassarve, tangmelde, flikmelde, meldestokk, haredylle m.fl
V-2	Fleiråreg gras-urte tangvoll	Strandrug, kvassdå, klengjemaure, fuglevikke, høymol, strandkann, åkerdylle, stivdylle, hundekjeks, kystbjørnekjeks, burot, hestehavre, hundegras, mjødurt m.fl.			Høgurtutforming med artar som strandrug, kvassdå, klengjemaure, fuglevikke, høymol, strandkann, åkerdylle, stivdylle, hundekjeks, kystbjørnekjeks, burot, hestehavre, hundegras, mjødurt m.fl. Mykje av vegetasjonen på tidlegare beitemark kan karakteriserast som fleiråreg gras-urte tangvoll og utgjer eit kantsamfunn av kulturspreidde ugras mot fulldyrka mark.
X	<b>Strandberg og kystnær, fuglegjødsla vegetasjon</b>				
X		Piggknoppgullhette ( <i>Ulota phyllantha</i> ), og svaberglav ( <i>Anaptychia</i> ), strandoransjelav ( <i>Caloplaca</i> ), egglav ( <i>Candelariella</i> ), skålskjærgårdslav ( <i>Neofuscelia</i> ), grå fargelav ( <i>Parmelia</i> ), hoderosettlav ( <i>Physcia</i> ), messinglav ( <i>Xanthoria</i> ), stiftsteinlav ( <i>Xanthoparmelia</i> ) m.fl.	Fragment av rik utforming på Stein i strandsona.		Fragment av rik utforming på Stein i strandsona


Under synfaring i Hagavågen i august 2012 vart det funne store vallar med avrive dvergålegras, spesielt i Øyarvågen. Dette kan skuldast beiting av knoppsvane, jf. Direktoratet for naturforvaltning 2010. Det er elles skuldast mykje tråkk frå beitedyr (hest, storfe). Det er viktig å følgja med på talet på beitande svaner i området, og sjå om dette har ein samanheng med det avrivne dvergålegraset.




**Figur 2.10:** Modellert førekomst av ålegras (*Zostera sp.*) i Hafrsfjord. Modelleringa seier noko om kor det er gunstige tilhøve for ålegraset, slik at det kan finnast her. Ho seier ikkje noko om kor ålegraset er påvist. For å finn au det, må det gjennomførast feltarbeid. NIVA har gjennomført feltsjekk av områda som ser ut som særlege viktige område, og har funne førekomstar i alle reservata. Førekomstane i Grannesbukta og inst i Hagavågen vart då vurderte som regionalt viktige (B-område), medan førekomstane i Strandnesvågen og lengst sør i Hagavågen naturreservat (Øyarvågen) er vurderte som lokalt viktige (C-område). På synfaringar med Fylkesmannen i Rogaland er det også påvist gode bestandar med dvergålegras og småhavgras på grunt vatn i Hagavågen/Øyarvågen. Her vart det også observert mykje vanleg ålegras på djup over 1 meter.



Figur 2.11: Raudlista og sjeldne artar i Grannesbukta. Jf. tabell 2.2.



Figur 2.12: Raudlista og sjeldne artar i Strandnesvågen. Arealet for dvergålegras og småhavgras viser kor desse artane potensielt kan finnast, men seier ingenting om kor dei faktisk er, kor tette bestandar dei har, eller kva for ein av desse artane som dominerer kor. Jf. tab. 2.2.



**Figur 2.13:** Raudlista og sjeldne artar i Strandnesvågen. Arealet for dvergålegras og småhavgras viser kor desse artane potensielt kan finnast, men seier ingenting om kor dei faktisk er, eller kor tette bestandar dei har. Me har heller ikkje oversikt over kva for ein av desse artane som dominerer kor. Jf. tabell 2.2.

**Tabell 2.2:** Liste over raudlista og regional sjeldne planteartar i Grannesbukta, Hagavågen og Strandnesvågen. To av artane er oppførte som sterkt trua (EN) på raudlisa, to artar er oppførte som nær trua på raudlista, og 15 artar er regionalt trua. Kommentaren under kvart verneområde seier noko om kor arten er funnen, og eventuelt litt om bestanden og kva som kan vera positivt, eller negativt for arten. Dersom det ikkje er kommentar under verneområdet, er ikkje arten registrert der. Jf. figur 2.11-2.13.

Artsgruppe	Norsk namn	Status	Grannesbukta	Hagavågen	Strandnesvågen
Karplanter	Dvergålegras	EN		Spreidd i sjøen/nedre fjøresona i store delar av området. Tettast bestand i bukta vest av Hagaøy.	Observervert flytande i store delar av bukta.
	Flikmelde	EN	Om lag midt på nordre halvdel av stranda - ein mindre, men vital bestand av flikmelde som er sterkt trua. Seinsommar/haustbeite truleg negativt for arten.	Nokre planter med karaktertrekk til denne arten observervert i tilknyting til sumpområdet nord i bukta.	
	Kjeldegras	NT		I fuktig gjødsla beitemark nord av Hagaøy, like på og utanfor reservatgrensa	
	Duskstorr			Fin bestand langs steingard på austsida av Hagavågen.	
	Fjøresalturt				Er tidlegare registrert langs sørsida av bukta (UTM:030520-653441-), men ikkje gjenfunne.
	Steinstorkenebb			Observervert i eit grunnlendt beite med marmorgang.	
	Haustengkall		I søre halvdel- spreidde førekommstar. Relativt sjeldan art, og truleg i tilbakegang pga opphøyri i beite. Ville truleg profittert på beite vår- forsommar.		
	Havsivaks				Mindre bestand på vestsida av bukta.
	Knortestorr		Ein kraftig "rosett" observervert like sør for midten av stranda. Sjeldan art i denne delen av fylket.		
	Lodnerublom			Observervert i eit grunnlendt beite med marmorgang.	
	Pollsivaks				Fleire mindre bestandar langs sør, sørvestsida av bukta.
	Salтарve			I sumpaktig strandeng i grensa av reservatet nord av Hagaøy.	
	Salturt			Fin bestand på nordvestsida av bukta og nordvestsida av Hagaøy.	
	Småhavgras			Veks spreidd på mudderbotn i Hagabukta.	Observervert flytande i store delar av bukta.
Mosar	Strandsvingel			Observervert nordøstsiden av reservatet nær liten molo.	
	Ukjent storr			cf. saltstorr, ei mindre steril bestand på strandeng/sump like sør for havsevaks bestanden på vestsida.	
	Sporemose	NT		I tråkksår på strandeng.	
	Doggmose			Pionerart i tråkksår, deponert leirjord etter grøftereins øvst i strandenga	
	Storbleikmose			Veks i strandeng på sørvestsida av Hagabukta.	



**Figur 2.14:** Flikmelde, ein av dei sterkt trua planteartane i Hagavågen og Grannesbukta. August 2012.  
Foto: © Torborg Berge



**Figur 2.15:** Dvergålegras er sterkt trua, men har fine bestandar i Hagavågen og Strandnesvågen.  
August 2009. Foto: © Fylkesmannen i Rogaland



**Figur 2.16:** Salturt, ein regionalt sjeldan art som veks i Hagavågen . August 2012. Foto: © Torborg Berge

### Oppsummering:

Dei botaniske naturverdiane i dei tre områda er i hovudsak knytt til ålegrasengene i sjøen, samt til strandeng / strandvoll-samfunna på land.

## 2.1.6 Fauna

**Fauna**  
er alle dyreartar som finst i eit område.

Dei store mudderflatene i sjøen, og den frodige og varierte vegetasjonen på land i naturreservata Hagabukta, Strandnesvågen og Grannesbukta, gir grunnlag for eit variert fugle- og dyreliv, jf. vedlegg 6. Områda har stor verdi, i første rekke som raste- og fødesøksområde for trekkande fugl vår- og haust og som overvintringslokalitet, men også som hekke- og oppvekstområde for einskilde artar. Under trekk og overvintring, flyttar gjerne fuglane seg mellom dei ulike lokalitetane i Hafrsfjord, både i og utanfor dei tre verneområda. Kunnskapen om faunaen elles, er ujamn i området.

### Fugl

Det har opp gjennom tiden vore gjennomført fleire undersøkingar og studium av fuglelivet i Hafrsfjord, og i dag er dei tre verneområda etter tilhøva ofte besøkt av ornitologar. Kunnskapen me baserer oss på i denne planen, baserer seg på utdrag frå diverse databasar, samt samtalar med fuglekikkjarar. Samanlinka med ein del av dei andre områda som går inn i Jæren våtmarkssystem, vert Grannesbukta forholdsvis ofte vitja av ornitologar, medan Hagavågen, og spesielt Strandnesvågen vert litt mindre vitja.

Per 14.02.2013 ligg det i Artsobservasjoner.no inne 169 fugleartar registrerte i Hagavågen, medan det i Strandnesvågen er registrert 121 artar, og i Grannesbukta 130 artar. Til samanlikning er det totalt i Hafrsfjorden rapportert om 213 registrerte artar. Mönsteret er det same: Mudderflatene er viktigast som fødesøksområde under trekket, spesielt for vadefuglar, som til dømes myrsnipe, gluttsnipe, sandlo, lappspove og tundralo, medan dei ytre, og djupare områda er viktigast som overvintringsområde for andefugl og andre vassfuglar, som til dømes dykkjarar, og lommar. Områda på land er viktige for spurvefugl året rundt, men spesielt som hekke-, rasteområde. Mudderflatene er også viktige overvintringsområde for grasender, og som oppvekstområde for hekkande andefugl.



**Figur 2.17:** Lappspoven beitar på mudderflatene under trekket. Han er ein diagnostisk art for dei tre verneområda.  
Foto: © Rune Sveinsjerd Karlsen

**Tabell 2.3:** Raudlista fuglar registrert i dei tre marine verneområda i Hafrsfjord. Det er registrert to artar som er kritisk trua (CR), ein som er sterkt trua (EN) og tolv artar som er første opp som sårbarer artar (VU). I tillegg er det registrert 24 artar som er oppførte som nær trua (NT) på den nasjonale raudlista. Eit lite kryss (x) tyder at arten er observert i det respektive reservatet. Eit stort kryss (X) tyder at reservatet er viktig for arten. Ein (h) i parentes tyder at området vert brukt i samband med hekking – anten som hekkeplass, til fødesøk, eller oppvekstområde for ungane. Lista er basert på observasjonar som var registrert i Artsobservasjonar per 15.02.2013.

Artsgruppe	Norsk namn	Latinsk namn	Nasjonal raudliste-kategori	Grannesbukta	Hagavågen	Strandnesvågen
Fugl	Lomvi	Uria lomvia	CR	X		x
	Åkerrike	Crex crex	CR		x	
	Svarthalespove	Limosa limosa	EN	x	X	x
	Alke	Alca torda	VU	x	x	x
	Bergand	Aythya marila	VU		X	X
	Brushane	Phiomachus pugnax	VU	X	X	X
	Grashoppesongar	Locustella naevia	VU	x	x	
	Lappfiskand	Mergellus albellus	VU	x	x	
	Lerkefalk	Falco subbuteo	VU		x	
	Makrellterne	Sterna hirundo	VU	X (h)	X	x
	Sanglerke	Alauda arvensis	VU	x	x	X
	Svartraudstjert	Phoenicurus ochruros	VU		x	
	Teist	Cephus grylle	VU	x	x	x
	Tyrkardue	Streptopelia decaocto	VU	x	x	
	Vassrikse	Rallus aquaticus	VU	x		
	Bergirisk	Carduelis flavirostris	NT		x	
	Dvergdykkar	Tachybaptus ruficollis	NT	x	x	
	Dverglo	Charadrius dubius	NT		x	
	Fiskemåke	Larus canus	NT	X	X (h)	X
	Fjellmyrløpar	Limicola falcinellus	NT		x	
	Gulnebbblom	Gavia adamsii	NT		x	
	Hønsehauk	Accipiter gentilis	NT	x	x	x
	Sjøorre	Melanitta fusca	NT	X	X	X
	Skeiand	Anas clypeata	NT	x	x	x
	Snadderand	Anas strepera	NT	x	x	
	Stjertand	Anas acuta	NT	x	x	x
	Storlom	Gavia arctica	NT	x	x	x
	Storspove	Numenius arquata	NT	X	X	X
	Strandsnipe	Actitis hypoleucos	NT	X	X	X
	Stare	Sturnus vulgaris	NT	X	X	X
	Svartstrupe	Saxicola torquatus	NT		x	
	Svartand	Melanitta nigra	NT	x	X	X
	Toppdykkar	Podiceps cristatus	NT	X	X	X
	Tornirisk	Carduelis cannabina	NT	x	X	X
	Tornskate	Lanius collurio	NT		x	
	Tårnseglar	Apus apus	NT	x	x	x
	Vaktel	Coturnix coturnix	NT			x
	Varslar	Lanius excubitor	NT		x	
	Vipe	Vanellus vanellus	NT	X	X	X
Totalt				28	36	23



**Figur 2.18:** Sivsongar er også ein diagnostisk art. Foto: © Kjell Ruud Mjølsnes

Bergand, sjørre, alke og toppdykker er alle dykkande artar som trivst best på litt djupare vatn. Dei er diagnostiske artar og i dei delane av verneområda som har djupt vatn.

Vadefuglar, som myrsnipe, gluttsnipe, lappspove, brushane, samt grasendene brunnakke og stokkand er diagnostiske artar for grunnare vatn og mudderflatene.

Sivsongar, tornsongar og tornirisk trivst godt i høgt gras, kratt, buskar og einskilde tre. Dei vil difor vera diagnostiske artar for landarealet i verneområda.



**Figur 2.19:** Toppdykker er ein diagnostisk art for dei djupare områda av reservata. Foto: © Rune Sveinsgjerd Karlsen



**Figur 2.20:** Tornsongaren likar opne område med buskar og tre. Foto: © Kjell Ruud Mjølsnes

### Andre dyr

For førekomst av andre artsgrupper, som til dømes pattedyr, fisk, krepsdyr, amfibium og virvellause dyr, føreligg det liten, eller ingen dokumentasjon og rapportering, men me veit at det finst mykje fjøremark i mudderfjøra, spesielt i Hagavågen, jf. fig. 2.21.



**Figur 2.21:** Mudderfjøre i innerst i Hagavågen med mudderhaugar med avføringskveilar etter fjøremark (*Arenicola marina*). På sida av haugane er det groper der kor fjøremarkane har munnen sin.. Foto: © T. Berge

### **Oppsummering:**

For våtmarksfugl har Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta ein viktig funksjon som raste-, fødesøks- og overvintringsområde. Reservata er også viktige hekkelokalitetar, både for sporvefugl knytt strandengvegetasjonen og sannsynlegvis for våtmarksfugl knytt til kulturmarka rundt reservata. Totalt 185 fugleartar er observerte i områda. Sivsongar, tornsongar, vipe, ærfugl og siland er typiske hekkefuglar, medan, brunnakke, krikkand, stokkand, bergand, sjørre, ærfugl, toppdykker, dvergdykker og smålom er typiske artar om vinteren. På trekket er spesielt mudderflatene viktige for vadefuglar som myrsnipe, gluttsnipe, tundralo og lappspove.

Mangel på nyare data viser behov for nye undersøkingar.

### **2.1.7 Framande artar**

I verneområda finn ein fleire framande plantear- og dyreartar. Tabell 2.4 inneheld ei liste over framande artar som er registrerte i området.

Framande artar skal om mogleg fjernast frå området. Difor er det viktig å prioritera dei etter kor stor trussel dei utgjer (Sjå kapittel 3, vedlegg 1 og vedlegg 9).

**Framande artar** er artar som ikkje har eit naturleg opphav i området og som gjerne har vorte innførte til området ved menneskeleg hjelp, aktivt eller passivt. Einskilde framande artar vil etablira seg og kan ofte konkurrera ut artar som førekjem naturleg. Særleg skadelege artar er ført opp på ei nasjonal svarteliste (Gederaas, Salvesen og Viken 2007) (Artsdatabanken 2007).

**Tabell 2.4:** Framande artar funne i naturreservata i Grannesbukta, Hagavågen og Strandnesvågen. Status viser til kategorisering i den nasjonale svartelista. Artar i kategoriane SE (svært høg risiko) og HI (høg risiko) vert rekna som svartelista, medan artar i kategorien LO (låg risiko) er framande, men førebels ikkje svartelista. "x" tyder at arten er observert i det aktuelle naturreservatet. Lista er basert på observasjonar under synfaringar, samt observasjonar registrert i Artsobservasjonar per 15.02.2013.

Artsgr.	Norsk namn	Status	Grannesbukta	Hagavågen	Strandnesvågen
Alger	japansk drivtang	SE	Vanleg i store delar av fylket og tiltak i sjø kan vurderast som nyttelaust.		Vanleg i store delar av fylket og tiltak i sjø kan vurderast som nyttelaust.
Karplanter	dielstmispel	SE		Ein busk observert ved steingard vestsida av traktorveg, retning Hagaøyno, like på utsida av reservatet. Fjernast/haldast under oppsikt.	
	alaskamjølke	SE	Observeert fleire stader, særleg kring strandsump og Grannesbekken i nordaust. Er vanleg i ytre delar av fylket. Kan vanskeleg trua verdiar i reservatet men bør haldast under oppsikt.	Observeert fleire stader, særleg kring strandsump i nord. Er vanleg i ytre delar av fylket. Kan vanskeleg trua verdiar i reservatet men bør haldast under oppsikt.	Observeert fleire stader i strandsona. Er vanleg i ytre delar av fylket. Kan vanskeleg trua verdiar i reservatet, men bør haldast under oppsikt.
	sitkagran	SE	Trerekke langs søraustgrensa av reservatet, utgjer her ein fin skjerm mot dyrka mark og gardstun. Bør på sikt skiftast ut med til dømes rogn, som elles veks i området.		Nokre tre/skogholte på vestsida av reservatet UTM:030504-653455
	hagerips	SE		Observeert i tilknyting til gamal steintipp på vestsida av Hagabukten. Utgjer truleg ikkje nokon fare, men har heller ikkje noko i eit reservat å gjera. Bør fjernast!	
	alpeasal	SE	Ein større busk med rikeleg med frukt på nordsida av Grannesbekken like vest for pumpestasjonen (UTM:0309271-6536889-). Bør fjernast.		
Blaudyr	brunskogsnegl	SE		x	
Fugl	kanadagås	SE		x	
Pattedyr	mink	SE	x	x	x
Alger	pollpryd	HI	Vanleg i store delar av fylket og tiltak i sjø kan vurderast som nyttelaust.		
Karplanter	bladfaks	HI	Registrert	Observeert langs starten av traktorveg, nordvest enden av reservatet og ved gamal tipp ved veg i vest. Utgjer truleg ikkje nokon fare, men bør fjernast, event. haldast under oppsyn.	

Karplanter	raudhyll	HI	Ein busk langsteingard/grense i aust, utgjer truleg ikkje noko trussel mot reservatet, men bør vurderast fjerna. grensa/steingarden i aust.	Ein busk langsteingard/grense i aust og vest, utgjer truleg ikkje noko trussel mot reservatet, men bør vurderast fjerna.	
	klistersvineblom	HI	Registrert	Observert langs traktorveg i nordre del, truleg ikkje nokon trussel mot verneverdiar.	
	bleikspirea	HI		Ved steingard ved enden av traktorveg i nordaust, er under spreiing. Bør fjernast.	
	tunbalderbrå	LO	Registrert	Fleire stader langs traktorveg i nord, utgjer truleg ikkje nokon trussel mot kjente verdiar.	Observert i strandsona i sør. Vanleg art i fylket, utgjer truleg ikkje nokon trussel mot kjente verdiar.
	stikkelsbær	LO		Ein busk ved steingard aust av molo nær edellauvskogsreservatet, truleg ingen trussel mot kjente verdiar.	
	svarthyll	LO	Veks langs grensa/steingarden i aust.	Veks i steingard langs grensa i og utanfor reservatet, truleg ingen trussel mot kjente verdiar.	Observert ved steingard langs grensa i sør, truleg ingen trussel mot kjente verdiar.
	brudespirea	LO		Busk på gammal steintipp på vestsida av Hagabukta. Bør fjernast!	

(Storhaug 2011, Gederaas, Moen, Skjelseth og Larsen 2012)

### 2.1.8 Kulturminne

Innanfor vernegrensene er det berre registrert eitt automatisk freda kulturminne; ei gravrøys i Hagavågen innanfor naturreservatet (id 14845-Haga i kulturminnebasen Askeladden). At ho er automatisk freda vil seia at ein i gravminnet og ei sikringssone på fem meter rundt det, ikkje kan gjera fysiske inngrep utan at dette er avklart med kulturminnestyresmaktene på førehand (jf. kulturminne-loven §§ 3 og 8).

**Kulturminne** er spor etter menneskeleg aktivitet som det er knytt historiske hendingar, tru, eller religion til. Eldre kulturminne frå før 1537 vert kalla **fornminne** og er automatisk freda.

Utanom denne gravrøysa er det ikkje kjent andre automatisk freda kulturminne innanfor vernegrensene i dei tre verneområda. Det finst likevel generelt svært mange automatisk freda kulturminne i området rundt Hafrsfjord, også i områda nær Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta. Du finn skildringar, kartfesting, fleire opplysningar og id-nummer til dei automatisk freda kulturminnene som er kjende i og tett på verneområda i dag i vedlegg 7.

Det er heller ikkje registrert marine kulturminne i dei aktuelle områda, men det er eit stort potensial for funn (Stavanger maritime museum). Alle stadene er gode landingsplassar for skip, og ved Grannesbukta er det registrert ei naustuft. Det er det også ved Strandnesvågen. I tillegg er det, særleg på Haga og Grannes, registrert mange maritime gravrøyser. Dette er røyser som ligg slik til at dei skulle sjåast frå sjøen. Mykje tyder på at alle dei tre stadene var hamner eller landingsplassar i jernalder og kanskje tidleg middelalder (Guro Skjelstad i e-post).

## 2.2 Planstatus

I arealdelen i kommuneplan for Sola kommune for perioden 2011-2022, er alt arealet som ligg innanfor vernegrensene i alle dei tre reservata markert som bandlagt etter naturvernloven. Arealet er også sett av som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-) etter plan- og bygningsloven (PBL 2008). Det er også alt landarealet som grensar til verneområda, men som ligg utanfor sjølve verneområda. Langs alle områda er det på dette området lagt inn ei hensynssone med regionalt grøntdrag etter § PBL 11-7, nr 8. Heile dette LNF-området ligg innanfor langsiktig grense for landbruk.

## 2.3 Tursti rundt Hafrsfjord

Det har lenge vore arbeidd med å laga ein samangenhande turveg rundt heile Hafrsfjord. For strekninga Grannes – Sørnes er det varsle om reguleringsplan. Her er det fleire alternative traséval forbi Grannesbukta, men traséen er førebels ikkje avklart. Eitt traséalternativ går langs reservatgrensa, og andre går langs Grannessletta (vegen), og så ned mot fjorden på ein gardsveg, eller i eigedomsskifte sør for reservatet.

For områda som går forbi Strandnesvågen og Hagavågen er det ikkje varsle reguleringsplan, men kommunen har hatt formøte om generelt traséval, med mellom anna Fylkesmannen.

## 2.4 Vassdirektivet

Noreg har skrive under på EU sitt vassdirektiv. Dette inneber at det innan 2015 skal utarbeidast forvaltningsplanar for alt kyst-, innlands- og grunnvatn i Noreg for å sikra ei heilskapleg vassforvaltning og fremja berekraftig bruk. Målet er at alle vassdrag skal ha god økologisk tilstand.

Hafrsfjorden, med dei marine naturreservata der, er ein del av Jæren vassområde (tidlegare Aksjon Jærvassdrag) i vassregion Rogaland. Forvaltningsmåla for Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta skal harmoniserast med måla i forvaltningsplanen for vassregion Rogaland, men måla i denne planen vil vera noko meir detaljerte og konkrete. Metodikken er likevel den same; tilstanden til området må identifiserast, miljømåla for området må formulerast, og tiltaka for å nå målet om eit velfungerande økosystem må setjast i verk.

## 2.5 Jæren våtmarkssystem og Ramsar-status



*Jæren våtmarkssystem* (fig. 2.23) fekk Ramsarstatus i 1985. Det vil seia at våtmarkssystemet er eit internasjonalt viktig våtmarksområde. Det er utan samanlikning det viktigaste området for våtmarksfugl i Noreg, spesielt som trekk- og overvintringsområde. Gjennom at Noreg har skrive under på Ramsarkonvensjonen (Ramsar nettsider, [www.ramsar.org](http://www.ramsar.org)), har landet plikta seg til å sikra den økologiske funksjonen til Ramsar-områda sine gjennom best mogleg forvaltning. Forvaltninga skal vera berekraftig og byggja på best mogleg kunnskap om områda sine verdiar og tolegrenser. Kvart tredje år må medlemslanda gi ein rapport om status for dei utpeikte Ramsar-områda. Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta er alle del av dette fordi:

Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta er ein del av *Jæren våtmarkssystem* fordi dei saman med dei andre områda er med på å tilfredsstilla Ramsar-kriterium 1-5 (vedlegg 8):

- Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta inngår i *Jæren våtmarkssystem*, som delar av eit av dei viktigaste våtmarkssistema for fugl i Noreg, og har difor internasjonal verdi. (Jf. Ramsar-kriterium 1 på heimesida til Ramsar, [www.ramsar.org](http://www.ramsar.org)).
- Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta er alle funksjonsområde for fleire sårbare og sterkt trua fugleartar og opprettheld mangfaldet i regionen. (Kriterium 2).
- Reservata er hekkeområde for ei rekke fugleartar som er typiske for våtmarker og strender i Jær-regionen. (Kriterium 3).
- Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta er alle viktige rastelokalitetar for store mengder dykkarar, lommar, ender og vadalar på vår- og hausttrekk. (Kriterium 4).
- Det er ein del av eit våtmarkssystem som ofte er funksjonsområde for 20.000 eller fleire våtmarksfuglar. (Kriterium 5).

*Jæren våtmarkssystem* er sett saman av 23 delområde; 15 naturreservat og 8 fuglefredingsområde (jf. fig. 2.23). Samla dekkjer Ramsarområdet 141 km<sup>2</sup>, og inneholder ein stor geomorfologisk og økologisk variasjon; alt frå opne sjøareal med øyrike i vest, grunne tareskogområde, tarerike strender og sanddynesystem, og næringsrike vatn og myrer på Låg-Jæren. Dette er viktige leveområde for mange nasjonalt og internasjonalt sjeldne fuglar, planter og insekt. Artsrikdommen er svært høg til å vera i Noreg, og ein må ofte lenger sør for å finna tilsvarende artsmangfold på tilsvarende avgrensa areal. Dette kan i første rekke skuldast milde vintrar og den strategisk plasseringa Jæren har i trekklinjaene vår og haust. Her passerer enorme mengder fugl vår og haust, samstundes som store mengder med våtmarksfugl overvintrar på Jæren. For fuglelivet er det også viktig med store grunne innsjøar med våtmarker og vasspeglar som er opne store delar av vinteren.

Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta har alle, etter tilhøva, store mudderflater, og smale strandsoner med ein mosaikk av strandeng, strandump, strandberg og kystnær, fuglegjødsela vegetasjon, ustabil drifts- og sandstandsvegasjon, samt kulturprega engvegasjon. Verdiane knytte til mudderflatene og strandvegasjonen, og mosaikken mellom dei ulike strandvegasjonstypane, er unik for dei tre marine verneområda i Hafrsfjord i høve til dei fleste andre Ramsar-lokalitetane i *Jæren våtmarkssystem*.



Figur 2.22: Gruntvassområde i Hagavågen i Hagavågen naturreservat. Foto: © Torborg Berge



Figur 2.23: Oversikt over alle dei 15 naturreservata og dei 8 fuglefredingsområda som inngår i Ramsar-området Jæren våmarkssystem. Til saman dekkjer Ramsar-området over 141 km<sup>2</sup>. Området Raunen, heilt i sør, er ikkje enno tatt inn, men vil verta ein del av Jæren våmarkssystem om ikkje så lenge.

## 2.6 Påverknad frå omliggjande areal

Tiltak og drift på utsida av naturreservata påverkar verneverdiane i verneområda. Verneforskriftene regulerer ikkje denne type påverknad, med mindre tiltaka fører til varige og vesentlege skadar på verneverdiane. For verksemder som treng løyve etter anna lovverk, krev naturmangfaldloven § 49 at omsynet til verneverdiane skal vektleggast ved avgjersla om det skal givast løyve, og når vilkår for eit slikt løyve skal setjast. For andre verksemder gjeld aktsemdsplikta etter naturmangfaldloven § 6. Reservata er svært små og ytre påverknad kan få store følgjer. Dette gir store utfordringar i høve til forvaltning av det omliggjande arealet, nedbørssfeltet og Hafsfjord som heilskap.

Utfordringane må i første rekke løysast gjennom frivillige tiltak i landbruket (SMIL - Spesielle Miljøtiltak i Landbruket og RMP - Regionalt MiljøProgram), samt ved bruk av plan- og bygningsloven, Vassdirektivet og naturmangfaldloven.

**Tabell 2.5:** Aktuell påverknad frå omliggjande areal.

Påverknad	Kva	Strategi
Menneskeleg forstyrring	<p>Grannessletta og Madlavegen ligg berre 50-150 meter frå reservatgrensa til Grannesbukta naturreservat, og det er tett busetnad på andre sida av Madlavegen. Dette gir ein del transportstøy og forureining.</p> <p>Arbeid med tursti rundt heile Hafsfjord. Stor press for å legga traséen i/tett opptil reservata. Dette vil igjen kunna føra til auka press for å bruka reservata og områda rundt som friluftsområde.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Unngå forstyrrende aktivitet i grenseområda</li> <li>Unngå tilrettelegging for friluftsliv og ferdsel inne i reservatet og/eller tett opptil vernegrensa.</li> </ul>
Vasskvalitet og sediment	<p>Hafsfjord er svært forureina, spesielt på djupt vatn. Det ligg også mykje H<sub>2</sub>S og anna forureining i sedimenta. På grunn av fjorden er ein terskelfjord, vert ikkje vatnet på djupt vatn skifta ut. Sjølv utan utslepp vil det ta langt tid for å få fjorden rein.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Unngå tiltak som aukar næringsavrenning og forureining i randssonene.</li> <li>Oppretting av reinseparkar utanfor verneområda.</li> </ul>
Næringsavrenning frå landbruk	Gjødsling inn til vernegrensa gir næringsavrenning til reservata og endrar vegetasjon og flora der.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppretta gjødslingsfrie soner mot vernegrensene gjennom frivillige tiltak i landbruket.</li> <li>Informera om tilskotsordningar og aktivt komma med konkrete forslag om tiltak til bøndene.</li> </ul>
Beite	<p>Opphøyr av beite kan vera medverkande årsak til at nokre artar forsvinn.</p> <p>Samstundes kan beite og tråkk frå dyr føra til at andre artar forsvinn.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppmoda til fortsett beite med storfe i delar av Hagavågen naturreservat.</li> <li>Oppmoda til innføring av forsiktig storfebeiting i den øvre strandenga i Grannesbukta naturreservat.</li> <li>Unngå beite på driftsvollsamfunn.</li> <li>Overvaka svanebestanden i Strandnesvågen og Hagavågen for å sjå om dei påverkar dvergålegraset negativt.</li> </ul>
Framande artar og ugras	Ei rekke med sitkagran i den sørvestre delen av Grannesbukta, samt ei rekke i og utanfor den vestre delen av Strandnesvågen, spreier frøa sine inn i reservata og fører til at det vil kunna spreia opp mange småtre inne i reservata. Langs steingarden langs vegen på vestsida av Hagavågen er det også ulike framande planter, som vil kunna spreia seg inn i reservatet.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fylkesmannen kan gi støtte til å fjerna framande artar utanfor reservata, men som truar verneverdiane i reservata.</li> </ul>

Påverknad	Kva	Strategi
Søppel og fyllingar	Det er fleire steinfyllingar i reservata. Nokon av desse innehold også skrot/søppel. Elles har det kome ein del søppel drivande med fjøra.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppmoda til fjerning av fyllingar, søppel og skrot ved bruk av forvaltningsmiddel</li> <li>Unngå nye massedeponi inn mot reservatet</li> </ul>



**Figur 2.24:** Haustengkallen er ein regional sjeldan art som finst i strandenga i Grannesbukta. Han er avhengig av beiting for å ikkje forsvinna. Foto: © Torborg Berge



**Figur 2.25:** Grannesbukta frå sør mot nordaust. August 2012. Foto: © Torborg Berge

### 3 MÅL FOR VERN OG FORVALTNING I NATURRESERVATA HAGAVÅGEN, STRANDNESVÅGEN OG GRANNESBUKTA

Forvaltninga av naturreservata Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta skal fremja verneformålet på kort og lang sikt (jf. kap. III i verneforskriftene, sjå vedlegg 2-4):

**Formålet med fredinga er å bevara eit marint våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.**

Ut frå verneformål, krav til Ramsar-status og karakterisering av området, skal forvaltninga utarbeida bevaringsmål for naturreservata.

#### 3.1 Naturmangfaldloven og forvaltning av reservata

Forvaltning og generell handsaming av alle saker skal skje i tråd med verneforskriftene og lov om naturmangfald (naturmangfaldloven av 2009). Vern av område etter naturmangfaldloven er eit middel for å sikra naturverdiane i eit område. § 33 i naturmangfaldloven slår fast at verneområda skal vera med på å sikra:

- variasjonsbreidda av naturtypar og landskap
- artar og genetisk mangfald
- trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar
- større intakte økosystem (...)
- økologiske og landskapsmessige samanhengar nasjonalt og internasjonalt (...)

Naturmangfaldloven (NML) av 2009 inneholder forvaltingsmål for artar og økosystem (§§ 4 og 5). Ikke minst vil desse måla vera gjeldande for forvaltinga av naturreservat som Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta, der verneformålet er artar, naturtypar og økosystem, nokon av dei sjeldne og trua.

Naturmangfaldloven § 7 slår fast at rettsprinsippa i §§ 8-12 i loven skal synleggjera og vektast ved alle offentlege vedtak og avgjerder, og vurderinga skal gå fram av vedtaket. Rettsprinsippa skal altså bli lagt til grunn ved sakshandsaming og vedtak etter verneforskrifta (jf. kap. 4), og ved vurdering av aktuelle praktiske forvaltingstiltak i naturreservatet. Sakshandsaminga skal visa korleis desse prinsippa har vorte vektlagt i vurdering av saker (jf. kap. 4).

Me viser også til vurderingar etter §§ 8 – 12 i kap. 4 – Praktisering av verneforskrifta.

##### *§ 4. Forvaltningsmål for naturtypar og økosystem*

Målet er å ta vare på mangfaldet av naturtypar innanfor det naturlege utbreiingsområdet deira, og med artsmangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den einskilde naturtypen.

##### *§5. Forvaltningsmål for artar*

Målet er å ta vare på artane og det genetiske mangfaldet deira på lang sikt, og at artane finst i levedyktige bestandar i naturlege utbreiingsområda sine.

##### *§ 8. Kunnskapsgrunnlaget*

Offentlege vedtak som vedkjem naturmangfaldet skal så langt som råd bygga på vitskapleg og erfaringsbasert kunnskap om bestandssituasjonen til artane, utbreiinga og økologisk tilstand til naturtypar, samt effekten av påverknader.

Kunnskapsgrunnlaget for dei tre marine verneområda i Hafrsfjord er rimeleg oppdatert og greitt når det gjeld planter og fugl, men svært mangelfullt, eller fråverande for alle andre artsgrupper, som til dømes virvellause dyr og marine organismar. Denne planen viser tydeleg behov for at det vert utført nye undersøkingar.

### § 9. Føre-var-prinsippet

Prinsippet skal nyttast i tilfelle kor det kan vera tvil om følgjene for miljøet og verneverdiane .

Planen føreslår skjøtselstiltak som vil påverka naturmiljøet. Fylkesmannen meiner at me har tilstrekkeleg oversikt over verdiane i områda slik at me kan vera rimeleg trygg på at tiltaka vil ha positiv verknad på verneverdiane, og er i samsvar med bevaringsmåla.

### § 10. Økosystemtilnærming og samla lastning

Påverknad av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla lastninga som økosystemet er, eller vil bli utsett for.

Dei føreslattne tiltaka i denne planen vil samla sett påverka økosystemet positivt i høve til verneformålet. Dei planlagde tiltaka vil også gjera reservata meir robuste mot påverknader utanfrå.

### § 11. Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver

Tiltakshavar skal dekka kostnadene ved å hindra eller avgrensa skade på naturmangfaldet som tiltaket valdar, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter.

Einkvar tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle miljøforverringar ved eit konkret tiltak.

### § 12. Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

For å unngå eller avgrensa skade på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikk og lokalisering, som ut frå ei samla vurdering, gir dei beste samfunnsmessige resultata.

Skjøtsel eller næringsbruk i reservatet skal ikkje skada verneverdiar. Hekketida (april-juni) krev særskilt omsyn. Då skal ein difor unngå arbeid og forstyrring i reservatet. Dette gjeld også beitedyr.

## 3.2 Forvaltinga sine utfordringar

Det er fleire utfordringar knytt til forvaltinga av reservata:

- 1) Naturreservata skal generelt få utvikla seg mest mogleg naturleg utan skadeleg påverknad av noko slag. Dette er særleg ufordrande når området kring er så sterkt kulturmiljøet med jordbruk, veg og tett busetnad og industri i nær avstand. Kanalisering av ferdssel for å unngå unødig forstyrring av fugl i reservata er ei utfordring. Vernegrensene går i stor grad langt ned mot vasskanten, slik at både landarealet og fjøra er svært utsett for menneskeleg forstyrring.

I tillegg må me også oppretthalda tradisjonelt kulturmarksprega verneområde for å ta vare på ein variert naturtype og eit rikt artsmangfald. Her ligg det store utfordringar i eit landbruket som vert stadig meir pressa av storsamfunnet sin arealbruk. Kulturmarkspreget ligg i at areala med strandeng i Grannesbukta og på vest- og sør-sida av Hagavågen og på Hagaøyna i Hagavågen naturreservat må bevarast som beiteareal, og dermed haldast opne gjennom målretta beite. Utfordringa her er å få til ei slik differensiert forvaltning med både naturleg utvikling og tradisjonelt beite.

- 2) Å få til målretta bruk av aktuelle skjøtselsmiddel i nært samarbeid med grunneigarane. Det finst eigna tilskotsordningar gjennom landbruket som få bønder kjenner til (SMIL og RMP). Det er viktig at forvalningsapparatet oppsøkjer bøndene som grensar til verneområda og informerer desse, samt aktivt kjem med konkrete forslag.
- 3) Det er behov for å betra kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar og brukstradisjonar. Dette er eit avgjerande grunnlag for overvaking og eventuell revisjon av bevaringsmål og tiltak.

### 3.3 Bevaringsmål for naturreservata i Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta

Dei overordna verneformåla framgår i verneforskiftene kap. III (vedlegg 2-4). Dette utgjer dei juridiske rammene for vernet og dei meir konkrete bevaringsmåla som forvaltninga skal søkja å oppnå og oppretthalda. Verneformåla slår fast at reservata er særleg viktige for våtmarksfuglar, både som overvintringslokalitetar og trekklokalitetar. Gjennom overvakning av verneverdiane skal ein kontrollera om måla vert nådde, med eventuelt påfølgjande naudsynte tiltak.

Dei tre reservata er på mange måtar svært like, og med tilsvarende naturtypar i sjøen og på land. Dei har alle djupare vatn, ytst mot Hafrsfjord, grunnare vatn med mudderflater som vert tørrlagde på fjøre sjø, strandsone på land som vert oversumd på høgflo og har salttolerante planteartar, samt strandenger med høgare gras og urter. Overgangen mellom dei ulike habitattypane er flytande, og dei dannar ein mosaikk i store delar. Lengst inn på land, ofte langs vernegrensa, veks det trerekker, eller einsklide tre og buskar.

Reservata er har stor variasjon av vegetasjonstypar og biotopar, med høgt tal fugleartar, og venteleg plante- og insektsartar. Raudlisteartar og trua vegetasjonstypar skal ha ein særslig høg prioritering (jf. DN Notat 2007-1). Eit av dei viktigaste bevaringsmåla må difor vera å oppretthalda ein god bestand av dvergålegras, småhavgras og fjøremark på mudderflatene (Hagavågen og Strandnesvågen), slik at me tar vare på desse artane og laga gode forhold for grasender og rastande vadefugl. Det er også viktig å ta vare på dei smale belta med strandengvegetasjon. Her er gode rasteforhold med mat og godt skjul for sporvefuglar, og for vadalar og andefugl når det er flo sjø. Utover dette bør reservata ha ei naturleg utvikling innanfor vernegrensene.



**Figur 3.1:** Øyarvågen, den sørlege delen av Hagabukta naturreservat, har ei av dei beste dvergålegrasengene i landet. August 2012. Foto: © Torborg Berge

På bakgrunn vegetasjonskartlegging, fuglane sin bruk av verneområda, og dei økologiske funksjonsområda, er verneområda delte inn i ulike habitattypar. Til kvar habitattype er det sett opp bevaringsmål (vedlegg 1). Bevaringsmåla skal fastsetja kva tilstand ein ønsker for verneområdet som økosystem og for dei einskilde naturverdiane. Måla skal vera så konkrete som mogleg og vera etterprøvbare.

Vedlegg 1 gir meir detaljert greie for forvaltninga i dei tre verneområda bevaringsmål knytt til desse, samt prioritering av bevaringsmåla, jf. DN Notat 2007-1. Nedanfor er det først gjort greie for dei ulike forvaltningsomgropa som vert nytta.

### Nokre forvaltningsord:

**Tilstand:** Omtalar den faktiske *tilstanden* til naturverdiane som god, moderat, därleg, eller usikker.

- *God:* Ein veit sikkert at tilstanden oppfyller krava i bevaringsmålet (god eller svært god tilstand)
- *Därleg:* Ein veit sikkert at tilstanden ikkje oppfyller krava i bevaringsmålet (tilstanden kan då vera moderat, därleg eller svært därleg).
- *Usikker:* På grunn av manglande data og annan kunnskap om referanseverdiar, veit ein ikkje om bevaringsmålet er nådd.

**Trend:** Omtalar *endring i naturtilstand* over tid som *betra*, *uendra* eller *forverra* i høve til tidlegare referanseverdi.

**Bevaringsmål:** Ønska tilstand for naturkvalitetane i eit verneområde sett ut frå verneformål og andre overordna føringar. Overordna bevaringsmål gjeld for heile reservatet, medan konkrete detaljmål skal setjast for dei viktigaste naturkvalitetane. Bevaringsmåla skal kunna overvakast og reviderst ved behov.

**Tilstandsindikator:** Målbar eining for å overvaka ein tilstand.

**Referanseverdi:** Den konkrete målte verdien for ein tilstandsindikator ved eit gitt tidspunkt.

**Prioriterte artar:** Artar som kan knytast til bevaringsmål (jf. naturmangfaldloven §23 og § 24). Tre kategoriar:

- *Raudlisteartar*, artar som står i den norske Raudlista og er definert som trua
- *Norske ansvarsartar* – artar kor ein stor del av bestanden er i Noreg
- *Konvensjonsartar* – artar Noreg har plikta seg til å ta vare på internasjonalt

**Diagnostiske artar:** Artar som vert brukte til å vurdera tilstanden til ein naturtype. Kvar naturtype må ha eigne artslistar med diagnostiske artar.



Figur 3.2: Den indre delen av Strandnesvågen i motlys, januar 2013. Foto: © Torborg Berge

### 3.4 Overvakning

For å følgja med på tilstanden og verdiane i reservata over tid, er det viktig at reservata vert følgde opp med jamleg overvakning (vedlegg 1). Miljødirektoratet har to hovudstrategiar for overvakning av verneområde:

- Nasjonal datainnsamling som skal sikra arealrepresentative, nasjonale (evt. Regionale) tal for utvikling innan utvalde naturtypar i verneområde. Her bestiller Miljødirektoratet opplegg og gjennomføring frå institusjonar og leverandørar med kompetanse innan forsking og overvakning.
- Lokale utfordringar i dei einskilde verneområda vert overvaka ved å etablera bevaringsmål for eit overvakingsobjekt (t.d. ein naturtype i verneområdet, heile verneområdet, eller ei anna avgrensing). Bevaringsmålet skal vurderast gjennom overvakning av tilstandsvariablar (t.d. framande artar, gjengroing, bruksform og bruksintensitet). Der kor naturtypane er registrerte etter NiN-systemet (Naturtypar i Norge), er det ofte oppgitt ein referanseverdi for alle aktuelle tilstandsvariablar. Gjennom lokal datainnsamling etter ein metodikk som forvalningsstypesmakta utarbeider, skal tilstandsvariabelen målast og tilstanden til bevaringsmålet fastsetjast.


Overvakkinga av Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta skal følgja desse nasjonale overvakingsstrategiane. Overvakkinga skal fanga opp endringar i verneverdiane i naturreservata, både positive og negative. Forvaltinga har valt ut eit sett med tilstandsindikatorar for å vurdera bevaringsmåla i området (sjå blå boks på s. 43 for forklaring).

- Naturtypar
- Vegetasjon og flora på land og i sjø (endra vegetasjonsbilete, fastruter og artsmangfold)
- Våtmarksfugl (hekkande, trekkande og overvintrande)
- Sporvefugl (hekkande)
- Botnfauna og sedimentsprøvar
- Insekt og amfibium
- Ytre påverknad

Sjå vedlegg 1 for korleis dei ulike bevaringsmåla skal overvakast i reservata.

### 3.5 Oppsyn

Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i reservata, og oppsyn med vernereglane vert særleg prioritert. Elles har dei jamleg kontroll av grensemerke og skilting. SNO utfører naturregistreringar og overvaker endringar i området.





**Figur 3.3:** Fylkesmannen og grunneigar samarbeider om å få fjerna eit båtvrek i Hagavågen. Foto: © J.I. Johnsen

### 3.6 Forslag til tiltak med tilskotsordningar

Det finst fleire aktuelle tilskotsordningar gjennom frivillige tiltak i landbruket, i tillegg til det årlege forvaltningsbudsjettet som fylkesmannen kan bidra med. Nedanfor summerer to tabellar opp anbefalingane til Fylkesmannen (tabell 3.1 og 3.2).

**Tabell 3.1:** Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) som er aktuelt i og rundt reservatet.

Type SMIL-tiltak	Omtale	Aktuelle eigedommar
Rydda fyllingar, søppel og gammalt skrot i reservata	Steinfyllingar med og utan skrot og søppel, jf. kap. 2.1.4 og vedlegg 9	6/31, 10/12, 10/13 og 37/5
Fjerna framande artar	Sitkarekker: vest for Strandnesvågen, og sørvest i Grannesbukta. Elles ein del spreidde framande artar på steintipp vest for Hagavågen.	6/31, 9/9 og 37/5
Laga reinsedammar	Opprettning av reinsedammar utanfor verneområda for å fanga opp og reinsa næringsavrenning og forureina vatn. Aktuelt ved dei ulike punktsleppa i alle reservata.	Tilnærma alle

**Tabell 3.2:** Regionalt miljøprogram (RMP) som er aktuelt i og omkring reservatet.

Type tilskot	Omtale	Aktuelle eigedommar
Tilskot til beiting i fuglerike biotopar	Forsiktig beiting etter godkjent plan på fastsette areal. Det skal ikkje gjødslast eller tilleggsførast.	6/31, 6/25 og 37/5
Tilskot til beiting i verna område	Beiting i område verna etter naturmangfaldloven. Det må utarbeidast godkjent skjøtselsplan på fastsette areal. Det skal ikkje gjødslast eller tilleggsførast.	6/31, 6/25 og 37/5

## 4 PRAKTISERING AV VERNEFORSKRIFTENE

Forvaltninga av Hagavågen, Strandnesvågen og Grannesbukta skal styrast av verneforskriftene og leggja verneformålet (kap. III i verneforskriftene), til grunn i alle saker, på kort og lang sikt. Utarbeiding av forvaltningsplan er heimla i kap. VII i vernereglane (Sjå vedlegg 2-4).

Formålet med forvaltningsplanen er å utdjupa og klargjera korleis forvaltningsstyresmakta praktiserer verneforskriftene, samt å oppretthalda og fremja verneformålet, med minst mogleg ulemper for brukarinteressene.

Verneforskriftene er juridiske dokument som set rammer for bruk av området. Forskriftene er bygde opp systematisk med forbod, unntak frå forbod og høve for dispensasjon etter søknad. Då den nye naturmangfaldloven kom i 2009, vart dispensasjonskapitla (Kap. VIII) bytta ut med § 48 i den nye loven.

Kort fortalt er verneforskriftene bygd opp på følgjande vis:

- Kap. I og II er innleiande reglar
- Kap III seier kva som er verneformålet
- Kap. IV seier kva som er ikkje er lov (forbod)
- Kap. V seier kva ein normalt kan gjera utan vidare (unntak frå forbodet)
- Kap. VI seier kva ein kan gjera etter løyve frå forvaltningsstyresmakta (dispensasjon)

Rundskrivet *DN nov.2001 (rev. 2010) Forvalting av verneforskrifter* gir også konkrete føringar for tolkning av verneforskriftene, og skal leggast til grunn korleis desse skal praktiserast.

### 4.1 Sakhandsaming - Verneforskriftene og naturmangfaldloven

Fylkesmannen tek sikte på å ha ein god dialog, gjerne med enkel kontakt i forkant av søknaden. Når det ligg føre ein konkret søknad vil Fylkesmannen handtera denne så raskt som råd, og i samsvar med forvaltningsloven, gjerne også med synfaring på staden.

Verneforskriftene set strenge forbodsreglar mot moglege, skadelege tiltak i høve til verneføremålet. Sjå klargjering av ulike brukstema og vernereglane nedanfor. Søknader som krev dispensasjon skal i første rekke handterast etter verneforskrifta for høvesvis Hagavågen, Strandnesvågen eller Grannesbukta, eventuelt etter § 48 i naturmangfaldloven av 2009 (eigen dispensasjonsheimel). Når søknaden vert handsama, skal han også vurderast etter §§ 8-12 i naturmangfaldloven (sjå nedanfor). Søkar må gjera greie for det konkrete tiltaket, kva behov som ligg til grunn for dette, og kor tiltaket er planlagt i reservatet.

Dersom ein søknad vert avslått, kan søker, eller andre med rettsleg klageinteresse, klaga på avslaget, jf. forvaltningsloven. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, men stilast til Miljødirektoratet, som skal handsama klagen og fatta eit endeleg vedtak.

#### Dispensasjon

Den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta (jf. § kap. VIII) er frå 1. juli 2009 erstatta av naturmangfaldloven § 48. (*dispensasjon fra vernevedtak*) *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

Følgjande to vilkår må vera oppfylte for å kunna gi dispensasjon:

- Tiltaket kan ikkje påverka verneverdiene nemneverdig.
- Tiltaket må ikkje strida mot formålet i vernevedtaket.

### Vurdering av søknader etter naturmangfaldloven

Naturmangfaldloven § 7 seier at miljørettsprinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Rettsprinsippa skal altså leggjast til grunn for sakshandsaming og vedtak etter verneforskriftene, og ved vurdering av aktuelle praktiske forvaltingstiltak i naturreservata. Sakshandsaminga skal visa korleis desse prinsippa er vektlagt i vurdering av saker:

- §8 Kunnskapsgrunnlaget
- §9 Føre-var-prinsippet
- §10 Økosystemtilnærming og samla belastning
- §11 Kostnadsdekking ved miljøforverring
- §12 Miljøforsvarlege teknikkar

Eitt og same tiltak kan vera regulert over fleire avsnitt i den same forskrifta. Difor er det viktig å lesa den høvesvise verneforskrifta i samanheng.

Nedanfor følgjer gjennomgang og drøfting av dei viktigaste brukstema opp mot verneforskriftene, slik desse også er drøfta i samband med grunneigarar på synfaringar. Der det høver er det også vist til rettsprinsippa i §§ 8-12.

Der det er manglande kunnskap om følgjene av vedtaket, skal føre-var-prinsippet (§ 9) vektast ved til kunnskapen er betre. I tillegg er arealet såpass avgrensa at alle konkrete tiltak må vurderast nøyne i høve til korte- og langsiktige effektar på økosystemet (jf. verneføremål og NML § 10).

Forsлага til tiltak i forvaltningsplanen er nøyne vurderte, og Fylkesmannen kan ikkje sjå noko som skal tilseia at dei kan få negative følgjer for verneverdiane. Opprydding av steintippar, skrot og søppel, redusert næringstilførsel, fjerning av framande artar og moderat beitebruk vil ha positive verknader på artsmangfald og variasjonen i området. Dei føreslalte tiltaka vil samla sett påverka økosystemet positivt.

### Handheving og sanksjonar etter naturmangfaldloven

Naturmangfaldloven kap. IX § 69 seier at ansvarleg styresmakt etter loven kan påleggja den ansvarlege å retta eller stansa tilhøve som er i strid med loven, eller vedtak heimla i loven. Det er ei plikt til å førebyggja, utbetra og retta opp. Dette gjeld også for uforutsette miljøkonsekvensar av lovleg verksemd, jf. § 70. Der kor krav etter § 69 eller § 70 ikkje vert etterkomne, kan ansvarleg styresmakt setja i verk tiltaka (jf. § 71). Utgifter til desse tiltaka kan krevjast dekte av den ansvarlege.

Ansvarleg styresmakt kan vidare fatta vedtak om tvangsmulkt for å sikra at naturmangfaldloven og vedtak gjort etter denne vert gjennomførte, jf. § 73. Den som bryt loven, vedtak etter loven, eller vedtak som tener til å gjennomføra mål og prinsipp i loven, skal etter pålegg frå ansvarleg styresmakt betala miljøerstatning til staten, jf. § 74. Forsettlege, eller uaktsame lovbroten kan gje straff i form av bøter, eller fengsel på inntil eitt år. Ved grove lovbroten kan ein risikera fengsel i inntil tre år, jf. § 75.

Rundskrivet *DN nov. 2001 (rev. 2010) Forvaltning av verneforskrifter* skal også leggast til grunn for vurdering av søknader om dispensasjonar.

## 4.2 Verneformål

I verneforskriftene for Strandnesvågen og Grannesbukta heiter det:

*Kap. III: Formålet med fredningen er å bevare et marint våtmarksområde med naturlig tilhørende vegetasjon og dyreliv. Området er en viktig trekk- og overvintringslokalitet for våtmarksfugler.*

I verneforskrifta for Hagavågen er formålet det same, men her vert det det også vekta at: *Området har en viktig funksjon som hvile- og rastepllass for ulike våtmarksfugler under trekket.*

Kommentar:

Verneformålet set ramma for korleis områda skal forvaltast. All verksemd i områda skal vera i tråd med verneformålet, og forvaltninga skal leggja verneformålet i kap. III til grunn i alle saker og vurdera dei etter § 8- § 12 i naturmangfaldloven.

## 4.3 Landbruk

### 4.3.1 Beiting

I verneforskriftene heiter det:

*Kap. IV pkt. 1: All vegetasjon i vann og på land er fredet mot skade og ødeleggelse.*

*Kap. IV pkt. 2: Dyrelivet, herunder hi, reir og egg, er fredet mot skade, ødeleggelse og forstyrrelse.*

*Kap. V pkt. 3 i verneforskrift for Hagavågen, og kap. V pkt 4 i verneforskriftene for Standnesvågen og Grannesbukta: Bestemmelsene i kap. IV er ikke til hinder for tradisjonell beiting, herunder bruk av gjeterhund.*

Kommentar:

Tradisjonelt beite kan etter verneforskrifta halda fram som tidlegare. Ettersom strandsona i desse områda er svært smal, er ho også i utgangspunktet sårbar for beiting og trakk, men for å unngå at strandsona gror til, er det i dette tilfellet formålsteneleg å halda fram med beitinga. I samsvar med bevaringsmåla, ønskjer difor forvalningsstyresmakta at beitinga held fram, målretta på aktuelle areal. Beiting held areala opne og fremjar kulturmarksartar. Det er viktig at dyretal og perioden for beiting vert vurdert og overvaka nøye, slik at ein unngår overbeiting. Kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8 i naturmangfaldloven) er etter måten svakt. Beitetrykk- og periode bør difor ta omsyn til moglege uheldige følgjer og justerast i tråd med erfaringar, jf. § 9 i naturmangfaldloven. Det må takast omsyn til hekkande fugl. Eit høgt beitetrykk kan gi tråkkskadar på dei slitasjesvake strandsonebiotopane og reir som ligg på bakken. Areala som skal beitast må ikkje tilførast tilleggsfør eller gjødsel, med mindre det alt føreligg løyve til gjødsling, jf. kap. 4.3.3. om gjødsling og tilsvarande tiltak.

For spesielle tilskotsordningar rundt dette, sjå kap. 3.6 Forslag til tiltak med tilskotsordningar.

### 4.3.2 Hesteriding

I verneforskriftene heiter det:

*Kap. III: Formålet med fredningen er å bevare et marint våtmarksområde med naturlig tilhørende vegetasjon og dyreliv.*

*Kap. IV pkt. 1: All vegetasjon i vann og på land er fredet mot skade og ødeleggelse.*

*Kap. IV pkt. 2: Dyrelivet, herunder hi, reir og egg, er fredet mot skade, ødeleggelse og forstyrrelse.*

Kommentar:

Ein hest vil kunna laga mykje tråkkskadar på vegetasjonen, og ein hest med ryttar vil verka svært forstyrrende på fuglelivet, jf. § 10 i naturmangfaldloven. Det er difor viktig at ein ikkje nyttar reservata som trenings-, eller rideområde for hest. Dette gjeld ikkje minst i gruntvassområda i Hagavågen. Riding i verneområda krev dispensasjon etter naturmangfaldloven § 48, jf. brev frå Direktoratet for naturforvaltning av 17.10.2007.

Jf. kap. 4.7 om friluftsliv og undervisning i reservata.

#### 4.3.3 Gjødsling og tilsvarende tiltak

I verneforskriftene heiter det:

*Kap. IV pkt. 1: All vegetasjon i vann og på land er fredet mot skade og ødeleggelse. Nye plantearter må ikke innføres.*

*Kap. IV pkt. 3: Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, herunder (...) gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmidler.*

Kommentar:

Det er eit generelt forbod mot gjødsling og bruk av kjemiske sprøytemiddel i reservata. Skjønnnsføresetnader frå 23. juni 1999 legg fôringar for eventuell gjødsling på kartfesta areal innanfor reservata.

Tilleggsfôring av beitedyr fører til gradvis oppgjødsling og fører til mykje tråkkskader rundt fôringsstaden, og kan difor heller ikkje gjennomførast der kor det er gjødslingsforbod. Slik fôring kan også føra med seg framande og uønska artar inn i reservatet. Beitedyr som vert fôra på areal som er lov å gjødsla; i gjødslingssoner inne i reservata, eller utanfor reservata, men med open tilgang inn i reservata, vil også kunna føra til auka gjødsling inne i reservata, og dermed kunna påfôra flora og andre verneverdiar skade. § 6 i naturmangfaldloven krev at einkvar opptrer aktsamt for å unngå å skada naturmangfaldet. Me oppfordrar difor alle til å minimera all tilleggsfôring av dyr som beitar i reservata.

Me gjer merksam på at gjødsling også må følga reguleringare i vassforskrifta – *forskrift av 15. desember 2006 om rammer for vannforvaltningen*.

#### 4.3.4 Grøfting, drenering, og vedlikehald av grøfter, kanalar, brønn, og liknande

I verneforskriftene heiter det:

*Kap. IV pkt. 1: All vegetasjon i vann og på land er fredet mot skade og ødeleggelse.*

*Kap. IV pkt. 3: Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, herunder (...) jordkabler og kloakkledninger, bygging av veger, drenering og annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utfôring av kloakk eller andre konsentrerte forurensingstilfôrsler (...) Opplistingen er ikke fullstendig.*

*Kap. V pkt. 4 i verneforskrifta for Hagavågen, og kap. V pkt. 3 i verneforskriftene for Grannesbukta og Strandnesvågen: Bestemmelsene i kap. IV er ikke til hinder for: Vedlikehold av tidligere opptatte grøfteløp som drenerer tilgrensende jord- og skogbruksareal, i samråd med forvaltningsmyndigheten.*

*Kap. V pkt. 5 i verneforskrifta for Hagavågen: Bestemmelsene i kap. IV er ikke til hinder for: Vedlikehold og motorisert ferdsel på eksisterende veg.*

*Kap. VI pkt. 2 i verneforskriftene: Forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til: Etablering av nye grøfter for drenering av tilgrensende arealer.*

Kommentar:

All ny drenering og tørrlegging i verneområda strir mot verneformålet, og det er eit generelt forbod mot grøfting, drenering, uttak og tørrlegging, etc. i reservatet. Forvalningsstyremakta vil ha ei streng handheving av forbodet.

Det er ikkje eigen dispensasjonsheimel i forskriftena til aktuelle tiltak. Ved eventuelle søknadar, må desse handsamast etter § 48 i naturmangfaldloven.

Grøfter og kanalar kan vedlikehaldast først etter samråd (telefonisk kontakt) med Fylkesmannen. For å etablera nye grøfter for å drenera tilgrensande areal, må det innhentast skriftleg løyve frå Fylkesmannen. Alle slike tiltak må gjerast utanom hekketida. Utgraven masse skal fraktast ut av området, jf. § 12 i naturmangfaldloven.

For å bruka motoriserte køyrety/maskinar til å gjennomføra desse tiltaka, trengst det ein tillatelse frå Fylkesmannen i Rogaland, jf. kap. 4.10 om motorferdsel.

#### 4.4 Bygningar, anlegg og faste innretningar, osv

I verneforskriftene heiter det:

*Kap. IV pkt. 3: For reservatet gjelder følgende bestemmelser: (...) Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, herunder oppføring av bygninger, anlegg og faste innretninger, framføring av luftledninger, jordledninger og kloakkledninger, bygging av veger (...). Opplistingen er ikke uttømmende.*

Kommentar:

Heilt nord i Hagavågen går det ei steinfylling/ein traktorveg gjennom reservatet frå vest til aust. Fyllinga lagar eit skarpt skilje mellom mudderfjøra på sørsida og strandsumpen på nordsida av seg. Det går også ei steinfylling/ein traktorveg lenger sør i reservatet – over frå fastlandet til Hagaøyno. Elles står det eit naust heilt ned mot mudderfjøra på vestsida av Hagavågen. Forvalningsstyremaktene vil ha ei streng vurdering av nye søknader om bygging av anlegg og bygningar, jf. § 10 i naturmangfaldloven.

I samband med skjøtsel for å oppretthalda beitemark, og for å halda areal opne, vil Fylkesmannen leggja til rette for beitedyr ved å vera fleksibel med oppføring av gjerder.

#### 4.5 Inngrep og forsøpling

I verneforskriftene heiter det:

